



Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/8145-34

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 - 2021

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for opplæring til å gje slik tilråding:
Hovudutval for opplæring rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021 slik dei ligg føre i vedleggsgruppe A, vedlegg 1.
2. Det skal utarbeidast eit tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2018-2021. Tiltak og prosessar skal vere tidfesta, prioriterte og kostnadsrekna. Handlingsprogrammet vil vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanen. Hovudutval for opplæring skal handsame og rullere handlingsprogrammet kvart andre år.

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Som saksordførar vert vald:

Vedlegg:

1. Vedleggsgruppe A, vedlegg 1.
2. Vedleggsgruppe B, vedlegg 2 - 8 (arbeidsdokument).
3. Vedleggsgruppe C, vedlegg 9 - 14 (høyringsinnspeil).

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan 2001 hausta gode erfaringar med å arbeide systematisk og målretta frå mål og strategiar til handling. Mål og strategiar har danna bakgrunn for eit handlingsprogram og har vore overordna alt utviklingsarbeid i opplæringssektoren.

Gjeldande mål- og strategidokument for vidaregåande opplæring, God-betre-best!, er i FU- sak 18/15 forlenga til å gjelde ut 2017. Hovudutval for opplæring vedtok i møte 26.10.16, sak 31/16, oppstart av arbeid med nytt mål og strategidokument for vidaregåande opplæring. Nedanfor følgjer ei kort orientering om mandatet, organisering av arbeidet og arbeidsprosessen med mål og strategiar.

Mandat

Arbeidet skal, med utgangspunkt i overordna styringsdokument setje mål og strategiar for utvikling av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021. Det skal utarbeidast eit kriteriesett for kvaliteten på opplæringa som tek utgangspunkt i tre kjerneområde,

- leiing
- fag- og yrkesopplæring
- undervisning,

og som skal ligge til grunn for prioriteringar og satsingar.

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane skal leggjast fram for FT i desember 2017. Det skal utarbeidast tilhøyrande handlingsprogram som skal rullerast kvart andre år i perioden 2018-21. Handlingsprogrammet skal handsamast og vedtakast av hovudutval for opplæring. Utvalet må i dette arbeidet tilpasse seg dei fullmakter ein har.

Organisering av arbeidet

Hovudutval for opplæring (HO) har vore styringsgruppe og hatt det overordna ansvaret for prosessen. HO har peikt ut referansegruppe samansett av representantar frå dei vidaregåande skulane, NHO, LO, KS, opplæringskontora, arbeidstakarorganisasjonane, elevorganisasjonen, ungdomspolitisk utval og Høgskulen på Vestlandet. Fylkesdirektøren har vore arbeidsutval og hatt ansvaret for å greie ut konkrete problemstillingar undervegs, og å produsere tekstdelane.

Arbeidsprosessen med mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021

I arbeidet med nye mål og strategiar for vidaregåande opplæring har styringsgruppa handsama arbeidsdokumenta 1-7. Arbeidsdokumenta inneheld:

- *bakgrunn, grunnlag og prosess* (vedleggsgruppe B, vedlegg 2).
- *kriteriesett for kjerneområda* (vedleggsgruppe B, vedlegg 3, 4, 5 og 6).
 - *leiing*
 - *fag og yrkesopplæring*
 - *undervisning*
- *premissar for utarbeiding av mål og strategiar i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021* (vedleggsgruppe B, vedlegg 7).
- *mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021* (vedleggsgruppe B, vedlegg 8).

For å trygge sektoren si involvering i prosessen sende HO nye mål og strategiar på høyring til:

- Fagopplæringsnemnda
- Ungdomspolitisk utval
- Elevorganisasjonen
- Arbeidstakarorganisasjonane
- NHO
- LO
- KS
- Opplæringskontora
- Dei vidaregåande skulane
- PPT
- Høgskulen på Vestlandet
- Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Fagskulen i Sogn og Fjordane

Høyringsfristen vart sett til 25 oktober 2017.

2. Vurderingar og konsekvensar

Innan høyringsfristen var det kome seks skriftlege innspel (vedleggsgruppe C, vedlegg 9 – 14). Høyringsutkastet er i tillegg drøfta med dei vidaregåande skulane i eige møte.

Nokre av framlegga, både i høyringsfråsegnene og tilbakemeldingane frå skulane, er meir relatert til handlingsprogrammet enn til mål- og strategidokumentet, og vil difor bli følgde opp mot HO i februar 2018.

Innspela er positive til innhaldet i nytt mål og strategidokumentet. Dei peikar særleg på at dokumentet er kompakt, tydeleg og samtidig gir rom for lokalt utviklingsarbeid.

I oppsummeringa som følgjer er berre dei innspela som avvik frå innhaldet i høyringsutkastet tekne med.

Utdanningsforbundet:

- ynskjer at balansen mellom nytte og danning skal kome betre fram i dokumentet
- problematiserer det kvantitative kvalitetsmålet *87% av dei som byrjar i vidaregåande opplæring skal ha gjennomført opplæringa innan fem år*. Utdanningsforbundet grunngjev dette med at «..... dersom ein blir for oppteken av målet kan det fungere kontraproduktivt».

Firda vidaregåande skule

- er usikre på tittelen *Mot nye høgder* fordi Sogn og Fjordane i dag levere særskilt gode resultat. Skulen presiserer at det skal vi halde fram med, men opplever likevel tittelen som noko pretensiøs. Dette er ikkje ei viktig sak for skulen, men utfordrar likevel fylkesdirektøren til å finne ein annan tittel.
- ynskjer i det overordna målet *Elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane har det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet* å stryke *i landet*. Skulen grunngir dette med at «Målet må vere at elevane får eit best mogeleg opplæringstilbod».
- er usikre på om omgrepet *meistring* er dekkande nok for føremålsparagrafen sitt krav om at «.... elevane skal lære å tenke kritisk og handle etisk og miljøbevisst». Skulen føreslår å bytte omgrepet *meistring* med *danning*.
- vil endre strategiar for undervisning med tillegget «.... og tilpassa den enkelte elev og gruppe».
- meiner kvalitetsmålet *87% av dei som byrjar i vidaregåande opplæring skal ha gjennomført opplæringa innan fem år* representerer eit stilbrot med dei andre kvalitetsmåla. Skulen er usikker på om det er rett å ha denne type konkrete mål i mål- og strategidokumentet.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

- meiner at «...eit inkluderande psykososialt skolemiljø er viktig for elevane si læring og utvikling og at dette bør kome tydelegare fram i dokumentet».

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen har i vurderinga av høyringsfråsegnene lagt til grunn at dokumentet skal fremje kvalitet i opplæringa (vedleggsgruppe B, vedlegg 2). Det er også lagt vekt på at mål og strategiar skal samsvara med overordna føringer.

I saka er det ikkje gjort vurderingar om økonomiske ressursar, korkje for å nå måla eller gjennomføre strategiane, sidan fylkesrådmannen ser det som naturleg å vurdere ressursbehovet i samband med handsaming av tilhøyrande handlingsprogram. Handlingsprogrammet er grunnlaget for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanen. HO skal handsame og rullere handlingsprogrammet kvart andre år.

Fylkesrådmannen sine endringar:


Innleiande tekst;

Den vidaregåande opplæringa skal ta vare på mangfaldet hjå elevar og lærlingar, og gi dei eit godt grunnlag for å møte endringar i framtida. Elevane og lærlingane sine behov og interesser skal ivaretakast, og det skal leggast vekt på at opplæringa er relevant for deira aktive deltaking i samfunnet, i arbeidslivet og i høgare utdanning. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma må derfor ruste elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse, og dei studieførebuande programma må legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.


blir endra til;

Den vidaregåande opplæringa skal ta vare på mangfaldet hjå elevar og lærlingar, og gi dei eit godt grunnlag for livslang læring i møte med endringar i framtida. Elevane og lærlingane sine behov og interesser skal ivaretakast, og dei skal utvikle evne til refleksjon og kritisk tenking. Det skal leggast vekt på at opplæringa er relevant for deira aktive deltaking i samfunnet, i arbeidslivet og i høgare utdanning. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma må derfor ruste elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse, og dei studieførebuande programma må legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

Illustasjon



er endra til



Følgjande endringar i skjematiske oversikt;

Hovudmålet *Elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane har det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet* blir endra til «*Elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane har den kvalitativt beste opplæringa.*»

Strategien *elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar tek i bruk og vidareutviklar metodar og organiseringsmåtar som gjer opplæringa variert og relevant* blir endra til «*elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar tek i bruk og vidareutviklar metodar og organiseringsmåtar som gjer opplæringa tilpassa, variert og relevant.*»

Omgrepet undervisning blir endra til **opplæring** for å klargjere at strategien famnar om både elevar og lærlingar.

Den skjematiske oversikta: overordna mål, kvalitetsmål og strategiar

	Strategiar	Kvalitetsmål	Overordna mål
Trivsel Meistre Gjennomføring	<p>Leiing Leiinga bruker utviklingsarbeid til å setje tydeleg retning for skulen.</p> <p>Leiinga tek aktivt i bruk og leier nettverk, kollektive/lærande prosessar og erfaringsdeling som gjennomgåande arbeidsmetode.</p> <p>Undervisning Elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar tek i bruk og vidareutviklar metodar og organiseringsmåtar som gjer opplæringa variert og relevant.</p> <p>Fag- og yrkesopplæring Samhandling mellom interne og eksterne aktørar i eleven og lærlingen sitt opplæringsløp skal styrkast.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Alle elevar og lærlingar blir sett. Elevar og lærlingar møter ei opplæring som gjev kunnskap, haldningar og lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg. Elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar skal medverke til eit læringsmiljø der alle er trygge og kan bruke tid på læring. <ul style="list-style-type: none"> Elevar og lærlingar får ei opplæring der kvar einskild elev og lærling blir motivert til maksimalt fagleg-, sosialt- og personleg engasjement. Elevar og lærlingar opplever ein tydeleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering. Elevar og lærlingar får støtte og oppmuntring til å meistre læringsarbeidet sitt og utvikle fagleg og sosialt mot. <ul style="list-style-type: none"> Minst 87 % av dei som byrjar i vidaregåande opplæring skal ha gjennomført opplæringa innan fem år. 	<ul style="list-style-type: none"> Elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane har det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet. Vidaregående opplæring er organisert slik at ein har eit breitt tilbod til ungdom og voksne i Sogn og Fjordane. Vidaregående opplæring spelar ei viktig rolle for kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket. Opplæringa er heilsaklig frå grunnskule til fullført vidaregående opplæring.
			Mot nye høgder

blir endra til

Strategiar	Kvalitetsmål	Hovudmål
Leiing		
Leiing Leiinga bruker utviklingsarbeid til å setje tydeleg retning for skulen. Leiinga tek aktivt i bruk og leier nettverk, kollektive/lærande prosessar og erfaringsdeling som gjennomgåande arbeidsmetode.	<ul style="list-style-type: none"> Alle elevar og lærlingar blir sett. Elevar og lærlingar møter ei opplæring som gjev kunnskap, haldningar og lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg. Elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar skal medverke til eit læringsmiljø der alle er trygge og kan bruke tid på læring. Elevar og lærlingar får ei opplæring der kvar einskild elev og lærling blir motivert til maksimalt fagleg-, sosialt- og personleg engasjement. Elevar og lærlingar opplever ein tydleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering. Elevar og lærlingar får støtte og oppmuntring til å meistre læringsarbeidet sitt og utvikle fagleg og sosialt mot. Minst 87 % av dei som byrjar i vidaregående opplæring skal ha gjennomført opplæringa innan fem år. 	Trivsel Meistring Gjennomføring <ul style="list-style-type: none"> Elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane har den kvalitativt beste opplæringa. Vidaregående opplæring er organisert slik at ein har eit breitt tilbod til ungdom og vaksne i Sogn og Fjordane. Vidaregående opplæring spelar ei viktig rolle for kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket. Opplæringa er heilskapleg frå grunnskule til fullført vidaregående opplæring.
Opplæring		
Opplæring Elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar tek i bruk og vidareutviklar metodar og organiseringsmåtar som gjer opplæringa tilpassa, variert og relevant.		
Fag- og yrkesopplæring		
Fag- og yrkesopplæring Samhandling mellom interne og eksterne aktørar i eleven og lærlingen sitt opplæringsløp skal styrkast.		

Mot nye høgder

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen legg med dette fram mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2018 – 2021 omarbeidde etter høyringsinnspel. Mål og strategidokumentet er vedlagt i vedleggsgruppe A, vedlegg 1. I tillegg skal det utarbeidast eit tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2018-2021. Tiltaka skal vere tidfesta, prioriterte og kostnadsrekna. Handlingsprogrammet vil vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanen for perioden. HO for opplæring skal handsame og rullere handlingsprogrammet kvart andre år.